



Ot.prp. nr. 38

(2004–2005)

Om lov om endring i lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold

*Tilråding fra Kultur- og kyrkjedepartementet av 17. desember 2004,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Bakgrunn for lovforslaget

Kultur- og kyrkjedepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag til lov om endring i lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold (sameloven). Sameloven av 12. juni 1987 nr. 56 § 3–1 nr. 1 har i dag følgjande ordlyd:

«Med forvaltningsområdet for samisk språk menes kommunene Karasjok, Kautokeino, Nesby, Porsanger, Tana og Kåfjord.»

28. januar 2004 sende Kultur- og kyrkjedepartementet ut eit høyringsnotat med forslag om ei endring i sameloven der det ikkje lenger vert direkte fastsett i loven kva for kommunar som utgjer området for samisk språk, men at dette i staden vert fastsett av Kongen i forskrift.

Bakgrunnen for forslaget er at det 25. februar 2003 vart gjort eit samrøystes vedtak i Sametingets plenum om å be Kultur- og kyrkjedepartementet legge fram eit lovforslag om endring i sameloven § 3–1, slik at Tysfjord kommune kunne innlemmast i forvaltningsområdet for samisk språk.

Sametingsrådet gjennomførte i mai 2002 ei undersøking der seks kommunar, som i dag ligg utanfor forvaltningsområdet for samisk språk, vart spurde om dei ønskete å verte omfatta av språkreglane i sameloven. Kommunane var Tysfjord, Snåsa, Skåland, Evenes, Tjeldsund og Lavangen. Kommunane ligg i Nord-Trøndelag, Nordland og Troms fylke.

Hausten 2003 vart også Storfjord kommune i Troms spurt om dei var interesserte i å verte ein del av forvaltningsområdet for samisk språk.

Sametinget har berre bedt departementet om at Tysfjord kommune vert innlemma i forvaltningsområdet. Ei innlemming kan likevel på sikt vere aktuelt for fleire kommunar. Det vil derfor vere meir tenleg med ein forskriftsheimel enn å presisere i loven kva for kommunar som utgjer forvaltningsområdet for samisk språk (jf. omtale under punkt 3).

Forslaget må sjåast i samanheng med samepolitikken, og gjeldande norsk lovverk og internasjonale avtaler om vern av minoritetsspråk. Gjennom Grunnloven § 110 a er staten pålagt å legge forholda til rette for at det samiske folket kan sikre og utvikle språket sitt, kulturen og samfunnslivet. Aktiv og utvida bruk av samisk språk er svært viktig for den vidare utviklinga av den samiske kulturen. Retten til å bruke og få opplæring i eige språk er ein av dei grunnleggjande og viktigaste rettane som er etablerte for den samiske befolkninga (jf. bl.a. St.meld. nr. 55 (2000–2001) Om samepolitikken).

Departementet la i høyringsnotatet også fram eit forslag om å definere kva ein i lova meiner med samisk språk. Det gjekk fram av synspunkta i høyringsfråsegnene at dette forslaget ikkje var tilstrekkeleg utgreidd, og departementet vil derfor sjå nærrare på det før det eventuelt vert lagt fram eit nytt forslag.

2 Arbeidet med proposisjonen

Høyringsnotatet av 28. januar 2004 vart sendt på høying til desse høyringsinstansane:

Alle departementa
 Sametinget
 Norske Samers Riksforbund
 Samenes Landsforbund
 Samenes folkeforbund
 Norske Reindriftssamers Landsforbund
 Østsamene i Neiden
 Skoltene i Norge
 Nordisk samisk språknemnd
 Nordisk Samisk Institutt
 Reindriftsadminstrasjonen
 Finnmark fylkeskommune
 Troms fylkeskommune
 Nordland fylkeskommune
 Nord-Trøndelag fylkeskommune
 Sør-Trøndelag fylkeskommune
 Hedmark fylkeskommune
 Fylkesmannen i Finnmark
 Fylkesmannen i Troms
 Fylkesmannen i Nordland
 Fylkesmannen i Nord-Trøndelag
 Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
 Fylkesmannen i Hedmark
 Universitetet i Tromsø
 Samisk høyskole
 Norsk Språkråd
 Aja språksenter
 Samisk språksenter i Porsanger
 Samisk språksenter i Skånland/Evenes
 Samisk språksenter i Arran, Drag i Tysfjord
 Samisk språksenter i Tana
 Samisk språksenter i Ullsfjord, Troms
 Isak Saba senter, Nesseby
 Kommunane i Finnmark
 Kommunane i Troms
 Kommunane i Nordland
 Kommunane i Nord-Trøndelag
 Kommunene i Sør-Trøndelag
 Kommunane i Hedmark

Den alminnelege høyringsfristen var sett til 9. mars 2004. Det kom inn i alt 26 høyringsfråsegner. Innhaldet i høyringsfråsegogene vert omtala seinare i proposisjonen i tilknyting til dei enkelte punkta i lovforlaget. Nokre høyringsinstansar har kome med merknader og forslag som er innarbeidde i forslaget.

3 Merknader til forslaget

3.1 Etablering av forskriftsheimel – utviding av forvaltningsområdet for samisk språk

3.1.1 Forslag i høyringsnotatet

Det går fram av sameloven § 3–1 kva for kommunar som i dag utgjer forvaltningsområdet for samisk språk. Dersom innlemming i forvaltningsområdet etter kvart blir aktuelt for fleire kommunar, er det ikkje tenleg lovteknisk å presisere dette ved kommunenamn i loven. Departementet foreslo derfor ei endring der det ikkje lenger vert slått fast direkte i loven kva for kommunar som utgjer forvaltningsområdet for samisk språk, men at dette vert fastsett av Kongen i forskrift. Formålet med forslaget er å unngå at det må gjerast lovendring ved eventuelle framtidige endringar av forvaltningsområdet for samisk språk. Forslaget i høyringsnotatet til ny § 3–1 lyder slik: »Innenfor forvaltningsområdet for samisk språk skal enhver ha samiske språkrettigheter etter bestemmelsene i dette kapitlet. Kongen fastsetter i forskrift hvilke kommuner som skal inngå i forvaltningsområdet for samisk språk».

3.1.2 Høyringsinstansanes syn

Dei fleste høyringsinstansane var samde med departementet i at det vert etablert ein forskriftsheimel der Kongen fastset kva for kommunar som skal vere ein del av forvaltningsområdet for samisk språk.

Utdannings- og forskingsdepartementet viser til forholdet i lov av 17. juli 1996 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) § 6–1 der det i definisjonen av kva som vert rekna som »samisk distrikt» i opplæringssamanhang, vert vist til definisjonen i gjeldande § 3–1 i sameloven. Endringa som er foreslått, vil ha konsekvensar for forvaltningsområdet for samisk opplæring. *Utdannings- og forskingsdepartementet* vil halde fast på dagens ordning i opplæringsloven, dvs. avgrense rekjkjevida til paragrafen til gjeldande definisjon av samisk distrikt. Dette vil krevje ei endring i opplæringsloven slik at reglane får same ordlyd som gjeldande definisjon i sameloven § 3–1 nr. 1.

Norsk språkråd peikar i si høyringsfråsegn på vanskar ved prosedyren for innlemming av nye kommunar og stiller spørsmål ved om ikkje konsekvensane av prosedyren bør vurderast nærare. Dei viser til at det er gitt inntrykk av at eit enkelt vedtak i kommunestyret vil vere tilstrekkeleg til at kommunen vert ein del av forvaltningsområdet, og dei meiner at det bør vurderast nærare kva for følgjer eit slikt prinsipp har ved skiftande politiske fleirtal.

Det kan vere grunn til å avklare dette på prinsipielt grunnlag fordi det dreier seg om divergerande og kjenslemessige standpunkt, og om store overføringer til kommunane i forvaltningsområdet.

Justisdepartementet støttar forslaget om å ta ut lista over kommunar som utgjer forvaltningsområdet for samisk språk i § 3–1 nr. 1, og heller regulere dette i forskrift. Dei peikar på at første punktum i utkastet til ny § 3–1, kan gi inntrykk av å innskrenke verkeområdet til kapitlet sidan enkelte av føresagnene i kapittel 3 går utover forvaltningsområdet for samisk språk. Dei tilrår at første punktum vert teke ut.

Etter *Justisdepartementets* syn vil det vere betre å slå saman forslag til ny § 3–1 med den gamle § 3–1, slik at ein ikkje treng omnummerere paragrafer eller innføre bokstavnummer.

Fleire høyningsinstansar hadde merknader til dei økonomiske konsekvensane av at området på sikt vert utvida.

Sametinget føreset at ei utviding av forvaltningsområdet medfører ein auke i midlane til tospråksbruk, slik at det ikkje medfører ein reduksjon av overføringane til dei seks kommunane som i dag er definerte som forvaltningsområdet for samisk språk.

Fråesagnene frå dei *ulike kommunane* understrekar at overføringane til kommunane må aukast slik at dei vert betre i stand til å revitalisere det samiske språket.

Fylkesrådet i Nord-Trøndelag peikar på at det er ein føresetnad at det skjer ei samhandling med dei aktørane det gjeld, dersom det gjennom forskrift blir innlemma nye område i forvaltningsområdet.

3.1.3 Departementets vurdering og forslag

Grunngivinga for å etablere ein eigen forskriftsheimel i ny § 3–1 var at ein ville synleggjere forskriftsheimelen i ei eiga føresagn, og at ein forskriftsheimel lovteknisk sett ikkje høyrd heime i ei føresagn om definisjonar, jf. gjeldande lov § 3–1 nr. 1 – 4. I si høyningsfråsegn peikar Justisdepartementet på at det kan aksepteraast å ha ein forskriftsheimel i ein paragraf som skal gi definisjonar. Departementet støttar synspunktet frå Justisdepartementet og foreslår å slå saman forslag til ny § 3–1 med gjeldande § 3–1. På denne måten slepp ein å omnummerere dei følgjande paragrafane og innføre bokstavnummer. Justisdepartementet peikar vidare på at første punktum i forslag til ny § 3–1 verkar innskrenkande på verkeområdet til kapitlet, fordi enkelte av reglane rekk utover forvaltningsområdet for samisk språk. Forslaget hadde ikkje som formål å innskrenke verkeområdet til kapitlet, men å seie noko

generelt om kva for språklege rettar innbyggjarane har ved deltaking i forvaltningsområdet for samisk språk. Departementet støttar likevel synspunktet frå Justisdepartementet og foreslår at første punktum vert teke ut.

Ved prosedyren for innlemming av nye kommunar har departementet lagt til grunn at det er ein føresetnad at dei respektive kommunane i første hand fattar eit vedtak om å inngå i språkområdet, og at dette vert diskutert med Sametinget. I samsvar med sameloven § 2–2 går det fram at »andre offentlige organ bør gi Sametinget anledning til å uttale seg før det treffes en avgjørelse i saker på Sametingets arbeidsområde». Arbeidsområdet for Sametinget er alle saker som har særlege følgjer for den samiske befolkninga, jf. sameloven § 2–1. Sametinget må vurdere spørsmålet og eventuelt gjere eit nytt vedtak om at forvaltningsområdet for samisk språk skal utvidast. Når det gjeld merknaden frå Språkrådet, viser departementet såleis til at det er Sametinget som blir det organ, som fremjar forslag til Kultur- og kyrkjedepartementet om forvaltningsområdet for samisk språk skal utvidast eller ikkje. Departementet vil så følgje opp dette framleget ved å vurdere ei endring i den forskrifta som er foreslått om forvaltningsområdet for samisk språk.

Det vil vere Kongen som fastset endringar i forskrifta, då ei utviding vil ha økonomiske konsekvensar for fleire departement. Utviding av forvaltningsområdet gjennom forskrift må følgje reglane i lov om behandlingsmåten i forvaltingssaker (forvaltningsloven) 10. februar 1967 kapittel 7 Om forskrifter, om plikt til å greie ut sakene, høyring og formkrav.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Dei samla økonomiske konsekvensane av at Tysfjord vert innlemma i forvaltningsområdet er rekna til om lag 4,5 – 5 mill. kroner. Det er føresett at kostnader i samband med innlemminga av Tysfjord kommune i området skal dekkjast innanfor den budsjettramma som til kvar tid gjeld for det enkelte departementet.

Utgifter som er knytte til ei eventuell ytterlegare utviding av forvaltningsområdet, må vurderast i samband med dei årlege budsjettframlegga.

Forslaget til ny § 3–1 er ei administrativ forenkling ved at eventuelle seinare utvidingar kan skje ved endring av forskrift framfor ved lovendring.

Om lov om endring i lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold

Kultur- og kyrkjedepartementet

t i l r å r :

At Dykker Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endring i lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endring i lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endring i lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold

I

I lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold skal § 3–1 lyde:

§ 3–1 Definisjoner

I dette kapitlet *mener med*:

1. *forvaltningsområdet for samisk språk: de kommunene som Kongen i forskrift har fastsatt at skal inngå i forvaltningsområdet for samisk språk,*
2. *offentlige organ: ethvert organ for stat og kommune,*
3. *lokalt offentlig organ i forvaltningsområdet: ethvert kommunalt, fylkeskommunalt og statlig*

organ som har en tjenestekrets som omfatter en kommune eller en del av en kommune i forvaltningsområdet for samisk språk,

4. *regionalt offentlig organ i forvaltningsområdet: ethvert fylkeskommunalt og statlig organ som har en tjenestekrets som helt eller delvis omfatter flere av kommunene i forvaltningsområdet for samisk språk, men som likevel ikke er landsomfattende.*

II

Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.

